



Styre/råd/utval	Møtedato	Saknr
Formannskapet	02.03.2020	19/20

Saksansvarleg: Kristin Karlbom
Dahle

Arkiv: PLANID-2020001,
PLANNAVN-Kommuneplanens
arealdel for Midt-Telemark
kommune 2021-2033, PLANTYPE-
20, FE-140

Arkivsaknr.: 20/48

Kommuneplanens arealdel - opplegg for medverknad og behandling av innspel

Kommunedirektørens innstilling:

Kommunikasjon og medverknad knytt til planprosessen for kommuneplanens arealdel og siling av innspel til planarbeidet gjennomførast slik det går fram av saksomtala.

02.03.2020 Formannskapet

Behandling:

Kommuneplaleggar Kristin Karlbom Dahle orienterte til saka.
Tilrådinga vart smrøystes vedteke.

FS- 19/20Vedtak:

Kommunikasjon og medverknad knytt til planprosessen for kommuneplanens arealdel og siling av innspel til planarbeidet gjennomførast slik det går fram av saksomtala.

Bakgrunn for saka:

[Planprogrammet](#) for ny arealdel av kommuneplan for Midt-Telemark kommune vart godkjent av kommunestyret 3.2.20 (sak 05/20). I tråd med planprogrammet legg prosjektgruppa fram eit forslag til opplegg for medverknad og kommunikasjon i planarbeidet for formannskapet som styringsgruppe. Av planprogrammet går det fram at innspela til planarbeidet skal gjennom ei siling før konsekvensutgreiing. I denne saka konkretiserast det også korleis dette skal skje.

Saksomtale:

Kommunikasjon og medverknad

Demokrati, identitet og samskaping er eit av satsingsområda i samfunnsdelen av kommuneplanen, med m.a. mål om at innbyggjarane skal oppleve tilhøyrighet til ny kommune og at kommune, innbyggjarar og næringsliv har tillit til kvarandre. Korleis ein

lykkast med kommunikasjon og medverknad knytt til ein viktig planprosess som arealdelen vil vere vesentleg for om ein når desse måla. I tråd med planprogrammet har prosjektgruppa for arealdelen utarbeid eit notat om korleis ein skal sikre god kommunikasjon og medverknad i planarbeidet. Notatet følger som vedlegg. Omfanget av kommunikasjon og medverknad må leggest på eit nivå som er forenleg med ressursane som er sett av til planarbeidet.

Siling av innspel om arealbruksendring

Innspel til planarbeidet er både generelle innspel, innspel til føresegnene og innspel om endring av arealbruk for konkrete område. Plan- og bygningslova stiller krav om at når område leggest ut til utbyggingsformål i arealdelen, skal konsekvensane for miljø og samfunn av foreslått arealbruk utgreiast i tråd med krav i forskrift om konsekvensutgreiing. Innspel om å endre arealformål for eit område frå LNF til utbyggingsformål, evt endring av type utbyggingsformål, silast difor gjennom to trinn for å unngå omfattande konsekvensutgreiing av alle innspel om formålsendring. Opplegg for siling skal sikre at planforslaget bygger opp under politisk vedtatte langsiktige mål for utvikling av Midt-Telemark kommune og forutsigbarheit for innbyggjarar og næringsliv.

Trinn 1 – avklare kva for innspel som skal konsekvensutgreiast

I trinn 1 vurderast innspel om arealbruksendring på eit overordna nivå på bakgrunn av planprogrammet og langsiktige mål og strategier i kommuneplanens samfunnsdel. Kommunedirektøren legg fram alle innspel som omfattar endring av arealformål til utbyggingsformål med ei vurdering av om kvart innspel bør gå vidare til konsekvensutgreiing eller ikkje. Forslaget leggest fram for formannskapet i eige arbeidsmøte i mars. Innspela presenterast i matriser for ulike formål (bustad, næring, fritidsbustad) med overordna vurdering av kvart innspel. Matrisa vil innehalde informasjon om:

- Stad, skulekrins, forslagsstillar og grunneigar
- Kart over dagens situasjon
- G/bnr, areal, evt foreslått tal bueningar (for bustad), grunngeving for innspelet
- Kart som viser planstatus for området i gjeldande plan
- Forhold til overordna føringar m.m. (stikkordsmessig)
- Kommunedirektøren si vurdering av om innspelet bør gå vidare til trinn 2

Andre innspel (endring av føresegnene, innspel om vidareføring av formål, generelle innspel) blir ikkje lagt fram i denne grovsilinga da det er nye utbyggingsformål som omfattast av krav om konsekvensutgreiing (trinn 2).

Trinn 2 – avklare kva for innspel som skal leggest inn i planforslaget

For innspela som går vidare til konsekvensutgreiing vil det vere omfattande krav til beskrivelser og analyser som i mange tilfelle involverer fagleg ekspertise, sjå kap 9 i planprogrammet. Prosjektgruppa vil be innsendarane av desse innspela om nærmare konsekvensutgreiing, omtale og underlag før endeleg behandling. Innsendarane får ein frist til ca 1.4. for å levere nærmare omtale av sitt forslag. Det er viktig å påpeike at innsending av dette underlaget ikkje vil vere ein garanti for at forslaget til arealbruksendring blir vedtatt. Konsekvensutgreiing av innspela i trinn to vil bli gjort av eksternt konsulentfirma i tråd med Miljøverndepartementet si [retteleiar for konsekvensutgreiing av kommuneplanens arealdel](#). Etter planen skal resultat av konsekvensutgreiinga leggest fram for formannskapet i mai.

Vurderingane i trinn 2 er ressurskrevande for alle involverte, både dei som har innspel og i vidare behandling administrativt og politisk. Det er derfor ryddig at ein gjennomfører trinn 1 på ein måte som sikrar at forslagsstillarar og kommune ikkje nyttar ressursar på forslag som

går på tvers av overordna, vedtatte prioriteringar.

Vedlegg:

13.02.2020

Kommunikasjon og medverknad

1332438